



Finn Frantzen
MANGERSNESVEGEN 111
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1719 - 22/18413

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
04.03.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 444/10 Mangersnes

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 444/10
Tiltakshavar: Finn Frantzen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.02.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Det er ein del formelle krav til kva ein søknad om deling skal innehalda. Søknaden du har sendt inn er for mangelfull til at vi kan handsame han. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om deling krev nabovarsling. Det må sendast inn gjenpart av nabovarsel, kvittering for mottatt nabovarsel og eventuelle nabomerknader må kommenterast. Meir informasjon om nabovarsling finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#)
2. Arealet du søker frådelt er uregulert men sett av til LNF (landbruk, natur og friluftsliv) i kommunedelplan for Radøy. Søknad om deling krev derfor dispensasjon frå arealformålet LNF i kommunedelplanen. Arealet ligg også nærare vatnet enn sett byggjegrænse i kommunedelplanen på 10 meter. Det derfor også søkjast om dispensasjon frå dette punktet i planen. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Gbnr 444/10 utgjør saman med gbnr 444/6 ei driftseining i landbruket. Frådelling av landbruksarealet vil derfor krevja løyve etter jordlova. Kommunen har vanskar med å tillata løyve til frådelling av eigedom som er eller kan nyttast til jordbruk/ skogbruk. Det bør derfor vurderast om det heller kan avtalast rett til vedhogst, rydding eller liknande.

3. Teigen der det er leikeplass og felles slamavskiljar er sett av til bustadformål i kommunedelplanen. I føresegnene punkt 2.1 er det krav om at område sett av til mellom anna bustadformål skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. Samstundes er det opna for fortetting av inntil 2 bueiningar utan reguleringsplan. Kommunen er i utgangspunktet positiv til frådeling av denne teigen dersom eigarskapet kan overførast til dei fem andre tomtane. Ein vil vurdere om slik søknad slepp dispensasjon frå krav om regulering.
4. Det må sendast inn situasjonskart som klart viser kva areal ein søker frådelt. Storleiken på arealet bør også oppgjevast.
5. Søknaden bør skrivast på vedlagte skjema. Dersom ein ønskjer at saka skal gå direkte til oppmåling om ein får dispensasjon og løyve til deling må skjemaet «Krav om matrikulering» også sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5153-soknad-om-tillatelse-til-tiltak-uten-ansvarsrett-2020
krav-om-matrikulering-medrekna-rekvisisjon-av-oppmalingsforretning---nynorsk (2)

Mottakarar:

Finn Frantzen

MANGERSNESVEGEN 111 5936 MANGER